



## **Protokoll representantskapsmøte 1 - 2026**

### **Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS**

**Tid:** 17.04.2026, kl. 10:00-14:00

**Stad:** Vestnes Fjordhotell, Vestnes. Fysisk møte.

#### **Saker:**

- 01/26: Oppteljing av representantskapsmedlemmar
- 02/26: Godkjenning av innkalling og sakliste
- 03/26: Val av to til å føre møteprotokoll
- 04/26: Orienteringssaker frå selskapet
- 05/26: Sikre arkiv for framtida - Konkurransgrunnlag
- 06/26: Fagleg årsmelding 2025
- 07/26: Årsmelding og rekneskap 2025
- 08/26: Handlingsprogram IKAMR 2026
- 09/26: Val av styre
- 10/26: Godkjenning av protokoll

#### **01/26: Oppteljing av representantskapsmedlemmar**

##### Vedtak:

Dei frammøtte utsendingane frå fylkeskommunen og kommunane vert godkjende som representantar.

Det møter utsendingar frå 22 eigarar som representerer 83,49 % av eigardelane. Kravet er minst 14 utsendingar som representerer 2/3 av eigardelane. Møtet er såleis lovleg sett.

#### **02/26: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkallinga og saklista sendt eigarane i e-post 27.03.2026.

##### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

#### **03/26: Val av to til å føre og to til å signere møteprotokoll**

##### Vedtak:

Jan Aakvik og Jesper Sode Hansen vart valde til å føre møteprotokoll.

Einar Arne Nordang og Anne Marie Fiksdal vart valde til å signere møteprotokoll.

## 04/26: Orienteringssaker frå selskapet

### Vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

## 05/26: Sikre arkiv for framtida – Konkurransgrunnlag

Vedtak punkt 6 og 7 er unntatt offentlegheita i høve offentleglova §13-1, jamfør forvaltningslova §13-1, led nr 2.

### Einstemmig vedtak:

1. Representantskapet tek saka om «Sikre arkiv for framtida» til orientering og konstaterer at situasjonen er tidskritisk. Dette heng mellom anna saman med at gjeldande leigeavtale går ut i juni 2027, at bygget er lagt ut for sal, og at IKAMR står i ein situasjon med både kapasitetsutfordringar, dokumenterte avvik og risiko for mottaksstopp frå slutten av 2027.
2. Representantskapet vedtek at IKAMR lyser ut konkurranse i Ålesundsregionen for leige av eksisterande lokale som kan oppgraderast og tilpassast til godkjent arkivdepot og eigna kontor- og driftsareal, der alle funksjonar skal vere samlokaliserte på ein geografisk lokasjon.
3. Representantskapet sluttar seg til at konkurransen blir gjennomført som konkurranse med forhandling etter forutgåande kunngjering, med prekvalifisering av leverandørar i første trinn og tilbods- og forhandlingsfase i andre trinn.
4. Representantskapet legg til grunn at leverandørane skal tilby ei førebels løysing, inkludert maksimal årleg husleige, og at IKAMR etter kontraktsinngåing i ein forprosjektfase skal kunne medverke til den endelege utforminga og detaljtilpassinga av lokala innanfor rammene av konkurransegrunnlaget utan at dette i seg sjølv gir grunnlag for auka maksimal husleige. Berre funksjonsendringar utover konkurransegrunnlaget skal kunne gi grunnlag for endring av maksimal husleige.
5. Representantskapet ber administrasjonen gjennomføre konkurransen og leggje fram ny sak for styret og representantskapet før endeleg kontraktsinngåing. Denne saka skal minst omtale mottekne tilbod, kostnadsnivå, framdrift, risikovurdering og økonomiske konsekvensar for eigarane.
- 6.
- 7.
8. Tilleggsforslaget frå representanten i Surnadal kommune, som ble lagt fram i representantskapsmøtet, vurderast av styret og tas inn i konkurransegrunnlaget. Forbehold om juridiske og tidsmessige konsekvensar skal vurderast. (se neste side)

## Forslag til revidert punkt 1.10

### Forbehold om tilfredsstillande konkurranse, finansiering og politisk godkjenning

Oppdragsgivar gjer merksam på at gjennomføring av anskaffinga er avhengig av tilfredsstillande konkurranse, prosjektets økonomi og politisk godkjenning i alle eigarkommunane til IKAMR.

Anskaffinga føreset at alle eigarkommunane forpliktar seg til å auke sine økonomiske tilskot/bidrag til IKAMR i den utstrekning som er nødvendig for å gjennomføre prosjektet. Eigarkommunane har på noverande tidspunkt ikkje gjort bindande vedtak om slik auke i tilskot/bidrag.

**Manglande politisk godkjenning eller manglande vedtak om auka økonomisk tilskot/bidrag frå éin eller fleire eigarkommunar inneber at vilkåra for gjennomføring ikkje er oppfylte. I slike tilfelle vil konkurransen bli avlyst.**

Oppdragsgivar tek dette forbeholdet heilt fram til kontrakt er inngatt. Leverandørane kan ikkje krevje erstatning for kostnader eller tap som følgje av avlysing av konkurransen som skjer med heimel i dette punktet.

Aktuell endring i andre siste avsnitt

« . . . I slike tilfeller vil konkurransen **kunne bli avlyst ensidig fra oppdragsgiver.** . . . »

### 06/26: Fagleg årsmelding 2025

#### Vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

### 07/26: Årsmelding og rekneskap 2025

#### Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjend.

Netto driftsresultat viser eit mindreforbruk på kr 577 958. Netto driftsresultatet er disponert slik: Netto bruk av bundne fond kr 297.874,-. Netto avsetning til disposisjonsfond kr 410 164,-. Overføring til investeringsrekneskapen kr 38.106,- gjeld investering i aksjar og andelar i selskapet.

### 08/26: Handlingsprogram IKAMR 2026

Overordna mål og retningslinjer for drifta.

#### Vedtak:

Handlingsprogram IKAMR 2026 vert godkjend.

## 09/25: Val av styre

Val av styreleiar og nestleiar

Val av styre

Val av valkomité

### Vedtak:

Val av styre

Styreleiar: Anne Mette Liavaag

Nestleiar: Hilde Kristin Røsvik

Styremedlem: Henning Torset

Styremedlem: Geir-Ove Leite

Styremedlem: Elisabeth Sande

Varamedlemmar

Varamedlem 1: John Arild Hestenes

Varamedlem 2: Eldar Øye

Varamedlem 3: Bjørn Flemmen Steinland

Valkomiteen

Leder: Karl Andre Birkhol

Medlem: Bente Bruun

Medlem: Per Sverre Ersvik

Forslag til godtgjersle:


Vedtak: Forslag til godtgjersle vedtatt.


## 10/25: Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Protokoll godkjent.

Signering

  
Einar Arne Nordang (Apr 21, 2026 22:49:27 GMT+2)  
Einar Arne Nordang

  
Anne Marie Fiksdal (Apr 21, 2026 13:54:17 GMT+2)  
Anne Marie Fiksdal